

Notat

Frå: Fylkesrådmannen

Til: Kontrollutvalet

Forvaltningsrevisjon 2010 - Byggeprosjekt i Sogn og Fjordane - oppfølging av rapport

Fylkesrådmannen syner til vedtak i sak 1/11 i Kontrollutvalet.

1. *Fylkestinget tek rapporten "Forvaltningsrevisjon av gjennomføring av byggjeprojekt" til etterretning*
2. *Fylkestinget ber fylkesrådmannen sette i verk oppfølging av tilrådingane i rapporten, og rapportere til kontrollutvalet innan 31.12.2011 status for oppfølginga og eventuelt tidplan for fullføring.*

Fylkesrådmannen vil i dette notatet orientere om oppfølging av pkt. 7-9 i tilrådingane i rapporten som gjeld særskilt om fylkesvegprosjekta.

Dette er følgjande:

7. *Definere klårare kva som ligg i omgrepa "store prosjekt" og "vesentlege avvik" innanfor vegprosjekt.*
8. *Utarbeide retningslinjer for presentasjon og handsaming av prosjektrekneskapane for vegprosjekt.*
9. *Etablere rutinar for evaluering av avslutta prosjekt som grunnlag for læring og tiltak til forbetring.*

Fylkesrådmannen vil innleiingsvis peike på at det er revisjonen si vurdering at rammeavtalen og leveranseavtalen mellom Statens vegvesen og fylkeskommunen i stor grad sikrar god gjennomføring av vegprosjekt.

Oppfølging Pkt. 7:

I rapporten peikar revisjonen på at det var positivt at fylkeskommunen hadde fokus på vidareutvikling av avtalar, rutinar og samarbeidsrelasjonar. I samband med dette meinte revisjonen at omgrepa «vesentlege avvik» og «store prosjekt» burde definerast nærmare for å sikre lik forståing av dette i begge organisasjonane.

Vi nyttar i dag ikkje lenger desse omgrepa i styringa av Statens vegvesen. Statens vegvesen skal rapportere alle avvik på prosjekt i samband med tertial og årsrapportering. I tillegg har vi månadlege møter der det vert informert om aktuelle saker som fylkeskommunen skal ha kjennskap til.

Oppfølging Pkt. 8:

Det er avklart ein mal for dei sluttrapportane Statens vegvesen lager til fylkeskommunen sine vegprosjekt.

Sluttrapportane som vert lagde fram for politisk orientering er basert på den offisielle tekniske sluttrapporten i prosjektet, men der den mest tekniske omtalen er teken ut.

Dette er gjort slik for å sikre ein grundig og god rapport for politisk nivå og samtidig unngå at det blir ekstraarbeid med å lage fleire ulike sluttrapportar. Eit døme på sluttrapport er vedlagt (fv. 616 Bremangersambandet)

Oppfølging Pkt. 9:

Statens vegvesen er utførande byggherre. Rutinar for læring og tiltak til forbetring i høve til den utførande byggherrerolla skal vere ivaretekne i Statens vegvesen sine kvalitetssystem. Det er føresett at desse kvalitetssystema skal leggjast til grunn også for fylkesvegprosjekt.

I fylkeskommunen si styring av Statens vegvesen er læring og forbetring ein kontinuerleg prosess. Vi har månadlege styringsmøte og særskilde eigarstyringsmøte for utvalde prosjekt. Dette er også ein kanal for å drøfte ulike tiltak og forbetringar.

Fylkesrådmannen syner også til FT-sak 51/12 og forvaltningsrevisjonsrapporten «Samhandling på vegområdet», der revisor peika på at fylkeskommunen gjer eit godt arbeid innanfor det felt som er undersøkt.

Vedlegg

Sluttrapport fv. 616 Bremangersambandet 2 (08/4451-7)